



20 års jubileum – s. 5



Partia svarar – s. 18



Nytt – s. 28



BOKN BYGDABLAÐ

Nr. 6 august 2015 – Årg. 30



30
år

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**



RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding!

Tannhelseklinikken i Bokn

Den 9. april 2015 vedtok Tannhelse FKF klinikksplan for 2015-2019 som mellom anna innebar at tannhelseklinikke i Bjerkreim, Bokn og Kvitsøy skulle leggjast ned!

Me har vore svært tilfredse med tenestene og tilbodet Tannhelse Rogaland har gitt pasientane i Bokn gjennom åra. Ikke minst heng det saman med at kommunen tidlegare har hatt ein god dialog og samarbeid med Rogaland fylkeskommune, som er den øvste ansvarlege instansen for tannhelsetenestene i Rogaland.

Då dette blei kjent, skapte det kraftig irritisjon både blant pasientar og boknarar elles. Engasjementet har vore heftig og eg har fått mange spørsmål, både frå pasientar og politikarar, som alle var misnøgde med at ein ikkje lenger ville få utført tannhelseteneste i nærområda. Mellom anna er her mange som i framtida må ta fri frå jobb for å gå til tannlegen eller for å køyra barn til og frå tannklinikken att og fram sju mil!

Vedtaket kom like før sommarferien overraskande på den politiske og administrative leiinga i kommunen. Og planen blei vedtatt utan at dei kommunane det galdt, fekk høve til å uttala seg sjølv om planen får store konsekvensar for både kommunar og pasientar. Etter vår meining er det kritikkverdig at ein fylkeskommunal plan av denne typen blir vedtatt utan å ha vore ute på høyring. Eg har vanskeleg for å tru at Rogaland fylkeskommune, som ansvarleg for tannhelsetenestene i Rogaland, kan støtta ein slik framgangsmåte.

Den 21. august hadde dei tre kommunane det gjeld, og styret i Tannhelse Rogaland FKF møte, men utan at dette endra noko på tidlegare avgjerder. Dermed ser det førebels ut



Bokn, Bjerkreim og Kvitsøy jobbar saman for å få gjort om vedtaket om nedleggning av tannhelseklinikke i dei tre kommunane. Ordførar og rådmenn frå dei tre kommunane gjennomførte møte med Rogaland fylkeskommune den 21. august. F.v. ordførar Mirjam Ydstebø (Kvitsøy), ordførar Kyrre Lindanger, rådmann Jan Erik Nygaard (Bokn), ordførar Marthon Skårlund og rådmann Ørjan Daltveit (Bjerkreim).

Foto: Andreas Polster

for at Rogaland fylkeskommune legg ned tannklinikken på Bokn.

Politisk og administrativ leiing i Bokn, Bjerkreim og Kvitsøy er i tett dialog i denne saka og vil jobba vidare med henne. Samstundes vil me sjå på andre modellar for å sikre lokale tannhelsetenestar, dømesvis etter ein kommunal modell eller i privat regi. Den største og mest konkrete endringa i den mykje omtala oppgåvemeldinga frå regjeringa, legg opp til at nettopp ansvaret for tannhelsetenesta blir overført frå fylkeskommunane til kommunane. Men hovudmålet i det vidare arbeidet er altså at det framleis skal vere tannhelsetenestar i fylkeskommunal regi i Bokn.

Val 2015

I haust er det kommune- og fylkestingsval og valkampen lokalt er godt i gang. Som i tidlegare år stillar fire parti lister i Bokn. Eg synest det er flott og viktig at 46 kvinner og menn i alle aldrar har vald å stå på liste til

valet, klare til å gjere ein innsats for fellesskapet. Desse engasjerte boknarane, som er med og tek ansvar, er noko av det viktigaste for eit levande folkestyre. Me går inn i ein spennande periode der det er svært viktig å ha engasjerte lokalpolitikarar som kan jobba for Bokns beste. Strukturendringar som kommunereforma, sentralisering, auka arbeidsløyse, usikker skatteinngang og start av vegprosjektet Rogfast er nokre av faktorane som påverkar kommunen og oss som bur her.

Eg vil oppmoda alle boknarar med røysterett, og spesielt fyrstegangsveljarane, om å førehandsrøysta eller møte opp på Boknatun den 14. september for å røysta. Ved å gjera borgarplikta styrkar du lokaldemokratiet.

Godt val!

Ordføraren

Kjære leser!

Dette bladet inneholder naturleg nok ein del om valet 14. september. Forutan generell informasjon på denne sida og neste, held Bokn Bygdablad

på tradisjonen og stiller dei politiske partia spørsmål. Eg har også hatt spalteplass til disposisjon, både når det gjeld parti-/ordførarkandidatprofilering, lesarinn-

legg eller anna informasjon frå dei politiske partia i Bokn.

Dette stoffet har eg samla frå s. 18 og utover.

- redaktøren -



Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 Førehandsrøysting



Du kan førehandsrøyste til Kommune- og Fylkestingsvalet 2015 fram til 11. september.

I Bokn kommune kan du førehandsrøyste ved Servicetorget alle kvaradar i førehandsrøysteperioda på følgjande tidspunkt: **kl. 08.30 – 15.30.**

Du kan også røyste ved Bokn folkebibliotek alle måndager i førehandsrøysteperioda. Opningstid for førehandsrøysting ved Bokn folkebibliotek er **måndager kl. 16.00 – 19.00.**

Hugs å ta med legitimasjon. Dersom du tar med tilsendt valkort går det raskare å røyste.

Det vil bli halde institusjonsval på Bokn sjukestove **onsdag 9. september 2015 frå kl. 12.00 – 13.30.** Det vil også være høve for dei av innbyggjarane som er på Bokn sjukestove i dette tidsrommet å førehandsrøyste i samband med institusjonsrøysting på Bokn sjukestove denne dagen.

Røyste heime?

Personar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste i røystelokale kan søke om å få røyst heime. Frist for å søke om å avg i røyst heime er sett til tysdag 8. september. Søknad skal i tilfelle sendast til Valstyret i Bokn kommune, Boknatunvegen 37, 5561 Bokn, eller på e-post til

gro.sorensen@bokn.kommune.no eller ved å ringe 52752510.

Valstyret i Bokn

Valtinget er i Allrommet på Boknatun måndag 14. september kl. 09.00 - 20.00.

Dersom nokon treng transport på valldagen, ta kontakt med servicetorget på tlf. 52 75 25 00 i forkant.

Val av sokneråd i Bokn sokn, 14. sept. 2015

Kyrkjevalet 2015

Val til sokneråd og bispedømmeråd er samanfallande med kommunevalet. Det vil seie at ein kan førehandstemme frå 10. august til 11. september på Boknatun. Måndagar kan ein også førehandstemme på biblioteket.

Sjølve valldagen, 14. september, kan ein stemme mellom kl. 9.00 og 20.00. Dette er også på Boknatun.

I kyrkjevalet er det slik at alle over 15 år har røysterett. Einaste kravet er at ein er medlem av Den norske kyrkja. I stemmeloakalet ligg det røystesetet for sokneråds-

valet og for bispedømmerådet.

- Det er ikkje høve til stryke nokon kandidatar.
- Anten personen står langt oppå lista eller lenger nede, får vedkomande berre ei stemme med mindre du set kryss framfor.
- Sidan alle får ein stemme når du røyster, er det viktig å kumulere. (Setje kryss framfor den du vil gje ekstra stemme.) Du har høve til å setje eit kryss framfor 3 av dei namna som står oppført.
- Det er også høve til å setje opp ekstra namn på lista (inntil 3 namn). Tilleggsoppførte kan ikkje kumulerast.

Kandidatar:

- | | |
|----------------------|------|
| 1. Merete Alvestad | 1973 |
| 2. Magnar Are | 1952 |
| 3. Eivind Øvrebø | 1946 |
| 4. Anne Tove Øvrebø | 1976 |
| 5. Ingunn Grønnestad | 1972 |
| 6. Harry Vågshaug | 1954 |
| 7. Ingvild Håland | 1963 |
| 8. Liv Lie | 1954 |
| 9. Eva Moi | 1958 |
| 10. Ellen Nedrebø | 1963 |
| 11. Marita Svendsen | 1977 |

Endre på stemmesetelen

Stemesetelen avgjer kva for eit parti eller gruppe du stemmer på. Dersom du vil påverke kven av kandidatane som skal bli valde, må du endre på stemesetelen ved å gje personstemme til desse kandidatane. Det er opp til deg om du vil endre på stemesetelen ved å gje personstemme.

Slik gir du personstemme:

1. Sett eit kryss i ruta ved namnet til dei kandidatane du vil stemme på. Du kan gje personstemme til så mange kandidatar du vil.

Dersom namnet til nokre av kandidatane står med uthet skrift, tyder det at partiet eller gruppa har prioritert dei framfor dei andre kandidatane. Du kan gje personstemmer til kandidatar med uthet skrift på same måten som til dei andre kandidatane.



2. Skriv kandidatnamn frå andre parti/grupper i eit eige felt på stemesetelen.


Kor mange kandidatnamn du kan føre opp, står på stemesetelen.

Ver merksam på at dersom du gjev personstemme til ein kandidat frå eit anna parti/gruppe, vil ei såkalla listestemme bli overført til det andre partiet/gruppa.



Slik gir du personstemme ved fylkestingsvalget:

Sett eit kryss i ruta ved namnet til kandidatane du vil stemme på. Du kan gje personstemme til så mange kandidatar du vil.



Kommunestyreval: Kva tyder det at kandidatar står med uthet skrift?

Partia eller gruppene kan på førehand fastsetje at somme kandidatar skal ha eit stemmetillegg. Namna på desse kandidatane står med uthet skrift øvst på stemesetelen. Dette stemmetillegget får dei, anten veljarane gjev dei personstemmer eller ikkje. Stemmetillegget svarer til 25 prosent av den samla mengda av stemmer som kjem lista til gode. Det vil seie at dersom lista får 100 stemmer, får kandidatar med uthet skrift 25 personstemmer.

Gjev du ei personstemme til ein kandidat med uthet skrift, får kandidaten éi personstemme frå deg og i tillegg får kandidaten stemmetillegget.

Ved fylkestingsvalet har ikkje partia eller gruppene høve til å gi stemmetillegg til kandidatar.

Valportalen: val.dep.no

Krovågen hestesenter 20 år

Jardar Havikbotn

Fleire hundre barn og ungdommar frå mange delar av landet har i 20 år lært å ri på hestesenteret og hatt rideleiren i Kro som sommarens høgdepunkt. Ei energidame og ein handyman står bak.

Kari Christensen og Olav Larsen kan vera stolte av det dei har fått til i Kro. M.a. kan dei sjå at fleire av ungdommene som datt av hesten for første gong hos dei nå hevdar seg på konkurranserbanane.

Islandshest

At Kari har deltatt i to noregsmeisterskap i islandshest og er rideinstruktør veit dei fleste med tilknytning til hestesenteret, men at Olav også har drive med konkurranseridning og

vore med og arrangert store stemner, m.a. VM i islandshest i Seljord, er meir ukjent.
- Olav er ein sentral del av dette foraket og tar også ein ridetime for

meg iblant. Krovågen hestesenter er ei mann/kone-verksemd, kjem det frå Kari.

Vil halda fram

Uttalige rideleirar har det blitt opp gjennom åra, ikkje berre om somrane. Både påske-, haust- og vinterferiar har blitt tatt i bruk. Utsira skule har t.d. vore på desse populære leirskulane fem gonger. Dei siste åra har det vore sommarleirar på garden i fire veker. Denne sommaren var det "berre" to veker.

- Etter å ha tenkt hest heile døgnet i 20 år er det noko med å få litt meir fri, smiler Kari.

- Ein treng litt fornying og det er viktig å få inn yngre krefter, seier Kari, og legg til at dei ynskjer samarbeid med ein partnar i rideskulen, helst ein autorisert rideinstruktør som



GØY PÅ KROVÅGEN HESTESENTER, fv. *Mari Bokneberg, Silje Aksdal Knutsen, Olav G. Larsen, Mathias Mortensen Hemdorff på Baldur, hesteeigar Vivian Mortensen, Kari Christensen og Aksel Mortensen Hemdorff.*



Koseleg kafé- og møterom i driftsbygningen.

også kan bistå i ridetilbodet til funksjonshemma, som dei også har i Kro-vågen.

- Tilbodet frå Krovågen hestesenter vil halda fram som før, og me vil prøva å fornya oss, m.a. skal aktiviteten på laurdagane aukast, fortel Kari.

Hestesenteret har eit samarbeid med ride- og køyreklubben BORK. I tillegg til div. kursverksemd kan alle medlemmane i hesteklubben (25 stk.) når som helst bruka anlegget på garden, som har 12 hestar der den eldste islandshesten er 28 år. Kro-vågen hestesenter er også blant sju, åtte godkjende "Inn på tunet" (IPT)-garder i Nord Rogaland.

Men la oss skru tida tilbake vel 20 år:

Starta i det små

Då dei flytta til Bokn frå Haugesund i 1994, var det absolutt ikkje planen å bygga opp ei slik næring i Kro - då begge var i full jobb, Kari som personalsjef ved fylkessjukehuset i Haugesund og Olav som økonomileiar i Statoil, Kårstø.

Olav og Kari overtok jordvegen i Kro, fekk på plass infrastruktur, bygde hus og reparerte gamle bygg. Fjøset



og den gamle skuten ble ombygd til stallar. Fire hestar var med på flyttelasset til Bokn.

- Dette talet auka, og på det meste hadde me 20 hestar, då me starta med oppdrett av islandshest og shetlandsponni, kan Kari opplysa.

Hobbysnikkar Olav og nabo og snikkar Bernt Øvrebø sørga for at det verneverdig sjøhuset i Krovågen fekk ny fasade, nytt vindehus og gjennomgjekk ei god restaurering.

Ei som trivst godt på hestesenteret er **Silje Aksdal Knutsen**. Ho har jobba fast på garden i to år nå og er med på alt frå arrangement og kurs til stell av hestar og stall.

- Ja, eg er med på det meste, slår 22-åringen fast.

Ho likar seg godt blant dyra og tykkjer det er interessant. Rideturar blir det også tid til. I ledige stunder blir det vedlikehaldsoppgåver, som t.d. maling, gjerding og rydding av beiter.

Etablering av hestesenter

Kari, som er fødd og oppvaksen i Oslo og som har hatt hesteinteresse frå ho var jentunge, fortel at mange boknarar viste interesse for hest og ridning, og tok kontakt med tanke på eit ridetilbod.

- Utan at det eigentleg var planen, kom dei første ponnyridetimane i gong.

Tilbodet blei etterkvar utvida med vaksenkurs, laurdagsleirar og veke-



Mari Bokneberg (16) er eit lokalt døme på ei som har blitt "oppflaska" på hestesenteret. Ho går på islandshestlinja på toppidrettsgymnaset (HTG) i Haugesund. Førre skuleår hadde Mari med sin eigen hest ein gong i veka og har lært å ri betre. Konkurransetreninga får ho god bruk for når ho reiser rundt i landet og konkurrerer i gangartar på ovalbanar. Ryttaren seier ho vil utdanna seg til veterinær.

- Etter utdanninga vil eg halda på med oppdrett av islandshestar, hestetrening og konkurransar, fortel Mari.



Handicaprampa, laga av Olav, sørger for å flytta funksjonshemma i rullestol over på hesteryggen på ein trygg måte.

lange rideleirar i skuleferiane for barn og ungdom.

Dei følgande åra kom mykje på plass – dressurbane og paddockar, landbruksgarasje, kafè og møterom på låven og fasilitetar for besøkande.

Interessa for å skapa ein heltidsarbeidslass i Kro vokser etterkvart. Kari gjekk over i halv stilling, og fekk meir tid til å utvikla tilbodet på garden. Eit tilrettelagt ridetilbod for funksjonshemma kom i gong, og auka aktivitet med ridekurs og rideleirar.

Det største løftet reint økonomisk har vore ridehallen, som blei bygd



Mari framfor ein del av ridehallen, som har vore eit stort pluss for rideskule- og rideleiraktivitetane.

for seks år sidan. Hallen har vore eit stort pluss for rideskule- og rideleiraktivitetane i det klimaet me har, og bidratt til å gi funksjonshemma ryttarar eit heilårstilbod. Det betydd også mykje då me fekk handicap-rampa på plass, for å flytta funksjonshemma i rullestol over på hesteryggen på ein trygg måte.

Inn på tunet

Kari var aktiv i Bokn Næringsforum. Der fekk ho inspirasjon, noko ho også fekk etter studiet "Garden som pedagogisk ressurs" frå eit samarbeid med lærar Jan Sollid på Bokn

skule.

Etter kvart starta Olav og Kari eit tiltak på garden som den gongen blei kalla Grønn omsorg, seinare "Inn på tunet" (IPT). Inn på tunet har blitt eit godkjent varemerke i landbruksystemet. Det bygger på kunnskapen om at kontakt med dyr og grønne omgjevnader betyr mykje for læring, meistring og helse.

Det er ein kvalitetsstandard for IPT gjennom Matmerk, som skal sikra brukarane trygge rammer. Å få eit Inn på tunet-tilbod kan vera aktuelt i ulike livssituasjonar, både for funksjonsfriske og funksjonshemma, f.eks. som ledd i ein rehabiliteringsprosess. Brukaren av tilbodet deltar i oppgåvane på garden slik dei er gjennom årstidene. Skal du starta med eit Inn på tunet-tiltak må du lika folk og bruka gardenes ressursar på ein måte som gir brukaren ein meningsfull kvardag.

Kari har i ein fireårsperiode vore leiar av eit prosjekt i regi av fylkes



Klatreveggen i ridehallen er 10 m brei og 7 m høg, og ein klatrar på topptau med sele. I tillegg til at veggen er i bruk under rideleirar m.m., er han også disponibel for interesserte grupper i lag og organisasjoner.

mannen, med informasjons- og kursverksemd om Inn på tunetkonseptet. For mange gardbrukarar er det viktig å ha fleire bein å stå på, og mange er interesserte i å etablera slike tiltak på garden, på same måte som gardsturisme og gardsmat. Inn på tunet er et tilbod med breitt spekter – alt frå arbeidstrening for arbeidsledige, til gardsbarnehage eller aktivitets- og rehabiliteringstiltak innan psykisk helse.

Verdiskaping og resultat

Kva er det som motiverer Kari til å jobba sju dagar i veka, og kva har hestesenterdrifta og Inn på tunet skapt av verdiar dei siste 20 åra?

- Det kan vera mange målestokkar på kva som er meningsfullt! Det er t.d. veldig kjekt å treffa unge vaksne som fortel at første rideleiren i Kro var eit minne for livet, fortel Kari, som blir rørt når folk kjem til henne og seier at dei saknar ho og hestane.
- Å driva med hest har fleire verdiar



Kari og Hildingur og Mari og Baldur poserer til ære for fotografen.

enn berre den fysiske utøvinga eller rideturen. Det er god trening i m.a. kommunikasjon og leiing, du må

utvikla dine personlege eigenskapar for å kunna leia og trena hesten, avsluttar Kari Christensen.

Kunngjering

Annonse

Sommarope bygdemuseum

Bygdemuseet har hatt sommar-ope sju søndagar i 2015, og det har vore 93 personar innom.

Dvs litt over 13 personar i gjennomsnitt kvar søndag det har vore ope.

Det er Bokn historielag som har stilt med vertskap på opningsdagane.





MÆLAND BYGG
NYBYGG & REHABILITERING

 **BOKN BYGG**

 **VESTLANDS HUS**

Byggmester-papirer med sentralgodkjent ansvarsrett.

Utfører:
Alt innen nybygg og rehabilitering. Totalentreprenør.
Tegneoppdrag, beregninger og byggesøknader.
Kontorer, trelast og varehandel på Bokn Bygg.
Leverandør av VestlandsHus, hytter og garasjer.

Ta kontakt for en hyggelig og uforpliktende prat.

Jan Magne Mæland 90565245
Tor Henning Mæland 95221191
Mail: jmm@maeland-bygg.no

Ottar Håland, født 18.11.33 døydde


20. juni 2015, 81 år gammal.

Han vart fødd-, og vaks opp på Håland. Ottar var nest yngst i ein syskenflokk på fem. Foreldra hans var Jens og Malena Håland. Dagen etter hans konfirmasjonsdag byrja Ottar i lære hjå møbelsnekker Oskar Dirdal i Føresvik. I 1957 gifta han seg med Ingrid f. Are. I 1967 overtok han farsgarden. Ottar trivdest best med snekkerarbeidet.

Ottar jobba først som sjølvstendig snekker og hadde eigen verkstad i kjellaren på Håland. Seinare starta han firmaet Bokn bygg i lag med tre andre.

Dei siste elleve yrkesaktive åra jobba Ottar som vaktmeister i Bokn kommune, ein jobb han trivdest godt i. Etter at han vart pensjonist vart det god tid til å produsera ulike trearbeid i "snekkerboda." Ottar var arbeidsam og flittig med hendene og var ofte på jakt etter nye malar han kunne ta i bruk. Han laga mange flotte trearbeid som både familien, venner og andre bygdefolk fekk glede og nytte av. Ottar tok utfordringar og restaurerte mangt eit gammalt møbel om nokon hadde behov for det. Han var hjelksam, kom med gode råd og løysningar til arbeid innan bygging, noko familien hadde stort utbytte av.

Ottar var glad i og oppteken av å ta vare på gamle ting. Han laga sitt eige



lille museum heime på Håland. Ottar likte å gå på auksjonar og loppemarknad. Det vart gjort mange innkjøp, og samlinga auka.

Ottar likte å køyra bil og sjå seg om i Noregs land. Når barna var små vart det faste bilturar om somrane med teltovernattning. I mange år vart det haussturuar inn til Kinsarvik og Vrådal med gode venner for å hente heim frukt og bær. Seinare år vart det fleire turar til sydligare strøk.

Ottar var engasjert i ting som rørte seg i kommunen. Det blei gode, og av og til høglydde samtalar rundt kaffibordet.

Ottar var sosial og likte å omgås folk. Han var oppteken av kva barn, svigerbarn, barnebarn, oldebarn held på med. Han stakk ofte ein tur inn i døra for å slå av ein prat og for å sjå kva dei held på med.

- *Eg vil berre sjå ka dokke drive med, om dokke gjere någe. Eg liga å sjå folk jobba*, er ord familien vil hugsa godt.

Ottar vil bli sakna av mange, i sær familien. Han etterlet seg kone, fire barn, svigerbarn, barnebarn og oldebarn.

Alle dei gode minnene han gav tek me vare på.



Foto: Kjetil Hamre

Hjertelig takk for gode ord, omtanke, blomar og deltaking ved vår kjære Ottar Håland sin bortgang. Minnegåva til Norsk luftambulanse gav 19.175 kr.

Ingrid, Kari, Jens Magne, Ingvild, Oddrun med familiar.

Helge Johannes Nilssen, født 5. februar 1917, døde 24. juni 2015.

Helge var født og oppvokst på Kaldjord i Vesterålen som nummer fire av fire søsknen. Han gikk landbrukskole og handelsskole med de beste karakterer.

I 1940 da krigen brøt ut, gjorde han krigstjeneste i Narvik-området med de norske soldater til de måtte kapitulere og ble hjemsendt. Helge fikk da jobb i handelslaget, som også hadde post og dampskipsekspedisjon.

1953 giftet han seg med Else, og i 1969 flyttet familien til Bokn. Her var han i noen år landpostbud på Austre Bokn, inntil et hjerteinfarkt gjorde slutt på den jobben.

Han var glad i naturen og gikk mye i skog og fjell. Helge etterlater seg en stor familie; seks barn, 12 barnebarn og fire oldebarn.

Vi sier takk for gode minner og lyser fred over minnet.

Familien



Foto: Kjetil Hamre

Hjertelig takk for all deltagelse ved Helge Nilssen sin bortgang.

Takk til sykehjemmet for stell og pleie.

Familien

Annonse/kunngjering

TAKK!

Jeg vil takke Atle Jøsang og Grieg Seafood for å ha gitt så mange ungdommer på Bokn sommerjobb.

Det setter vi og ungdommene stor pris på 

Hilsen June Grønnestad

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust har skiftet arbeidssted til Aksdal tannklinik i Aksdal senter, 2. etasje ved Jernia. Velkommen til gamle og nye pasienter!

Telefon 52 77 57 00

aksdal
TANNKLINIKK

TANNLEGE
Ingjerd H. Myklebust
TANNLEGE
Camilla K. Mæland

Bokn Bygdablad for 25 år sidan

FRÅ NR. 6 1990

BOKNAFESTIVALEN 1990



Sundag 17.juni vart den fjerde Boknafestivalen avvikla.

I eit nydeleg sommarver tok Bokn Brass og Bokn Skulekorps imot gjestene på kaien. Gjester i år var Førland/Stegaberg Skulemusikkorps og Haugaland Trommekorps.

Musikantane marsjerte frå kaien og opp til skulen der føremiddagskonserten tok til kl.11.30.

Boknafestivalens "mor" og tradisjonelle konfransier Gunvor Vea ynskte små og store velkomne til tonefest.

Olaug Hognaland las til opning ein flott prolog ho hadde skrive til dagen. Deretter hadde ordførar Leif Vatnaland helsingstale til gjester og boknarar. Han var alt byrja å tenkja på neste års festival og meinte den kunne vera i samanheng med opninga av vei-og ferjesambandet.

Bokn Skulekorps byrja konserten, og etterpå var det Førland/Stegaberg Skulemusikkorps som tok over og spela fire nummer før pausen tok til.

I pausen var det sal av ertersuppe, kaffe, kaker m.m. Ein fekk og tid til å snakka med folk, og å prøva lykka i tombolaen.

Ettermiddagskonserten starta opp med musikkkulens popgruppe, felegruppa var neste, så drilljentene, deretter var det Haugaland Trommekorps sin tur, og til slutt Bokn Brass, dei hadde og eit innslag saman med ei swinggruppe.

Under programmet vart det delt ut statuettar til musikantar som går ut av 9.kl. Det vart og delt ut premiar og blomar til aspirantar og musikantar som har vore flinkast til å øva heime siste året.

Det var eit fint og variert program på årets festival, og ein vonar at mange gjekk heim med ei fin musikk oppleveling rikare

Mykje arbeid ligg bak eit slikt arrangement, ikkje berre for musikantane men også for kakebakaarar, kjøkkenarbeiderar, pyntekomite, program komite og ryddejeng. Dei har alle gjort eit kjempearbeid for at festivalen skulle bli vellukka.

Omsetning av eigedomar i Bokn

Lyngvegen 8 (Gnr 9, bnr 105) er overdradd fra Sigurd Berge til Signe Marie Berge (05.05.2015)

Søre Sunnalansstrumen 3 (Gnr 19, bnr 39) er solgt for kr 1.920.000 fra Magne Kristensen til Hilde Simonsen og Morten Støle Simonsen (12.05.2015)

Andel av Føresvikvegen 19 (Gnr 9, bnr 20) er overdradd for kr 266.000 fra Arne Vatnaland til Reidun Irene Vatnaland og Else-Rita Vatnaland Woll (19.05.2015)

Andel av Havnavegen 46 (Gnr 11, bnr 217) er overdradd for kr 400.000 fra Solveig Vatnaland til Reidun Irene Vatnaland og Else-Rita Vatnaland Woll (19.05.2015)

Øvrebøvågen 21 (Gnr 3, bnr 25) er solgt for kr 3.650.000 fra Einar Tore Øvrebø til Harald Fiskaaen og May Lisbeth Bosvik Fiskaaen (04.06.2015)

Gnr 11, bnr 233 er solgt for kr 1.020.000 fra Marit Irene Markhus til Sigbjørn Tjoflot (12.06.2015)

Stabburvegen 30 (Gnr 9, bnr 82) er overdradd fra Bjørn Eirik Gundersen til Arne Eirikson Gundersen, Knut Gundersen og Elisabet Taraldlien (06.07.2015)

Arsvegen 162 (Gnr 15, bnr 9) er overdradd for kr 4.500.000 fra Frisch Marie Therese Dixon og Ferdinand Peter Frisch til Statens Vegvesen (14.07.2015)

Havnavegen 61 C (Gnr 11, bnr 278, seksjon 3) er solgt for kr 2.790.000 fra Nibe as til Wolfgang Birkelund Ognøy (01.07.2015)

Gnr 11, bnr 100 er solgt for kr 800.000 fra Arthur M Alvestad til Ingvar Alvestad og Marta Alvestad (10.06.2015)

Stabburvegen 30 (Gnr 9, bnr 82) er solgt for kr 2.250.000 fra Arne Eirikson Gundersen, Knut Gundersen og Elisabet Taraldlien til Veronica Strøm (06.07.2015)

Kyrkjebakken 11 (Gnr 10, bnr 29) er solgt for kr 1.800.000 fra Magnhild Are til Marcin Piotr Ufnal og Zuzanna Ufnal (16.07.2015)

Speidarane jubilerte St. Hans

Tekst: Jan Magne Moi - foto: Jardar Havikbotn

Om lag 250 boknarar trossa kald nordavind og møtte opp for å feire at Bokn KFUK-KFUM-speidaren var 25 år. Inngangsportalen frå første speidarleiren i Mandal 1990, møtte folket.

Samlinga starta tradisjonelt med flaggutrulling og «Ja, vi elsker». Gruppeleiari Svein Ove Alvestad hadde kort innleiing / opning av arrangementet. Fleire hadde helsingar i anledning dagen:

Landsstyret var representert ved Sindre Nesse, Haugaland krets ved Atle Aas, kyrkja ved Sokneprest Arne



Gruppeleiari Svein Ove Alvestad ønskte velkommen og leia arrangementet.



10 og 20 års teneste som leiaraar vart markert.



Ny grill fungerte godt.



Flott jubileumskake laga av Svanhild Alvestad.

Foto: Petra Ognøy

Aurdal og Bokn kommune ved ordførar Kyrre Lindanger. Lindanger overrekte også ny grill til nærmiljøanlegget.

Sparebanken Vest ved Lene Ognøy Foss overrekte 25 000 kroner til jubileet og oppgradering av nærmiljøanlegget.

Eivind Øvrebø, Gudny Sæbø og Metrete Alvestad fekk utmerking for 10 år som leiatarar.

Leiv og Solveig Våga fekk utmerking for 20 år som leiatarar.

«Han Innante med kamerattar» stod for flott underhaldning og andakt. Dani hadde trylleshow og laga figurar av ballongar for dei minste. I tillegg var speidarane sin karusell og taubanen ut i sjøen.

Dette året vart det også grilla laks med salat og brød til. Den flotte jubileumskaka var det Svanhild Alvestad som hadde baka.

St. Hans er jo kvelden for bål. Men dette måtte raskt sløkjast på grunn av den sterke vinden.

Bokn KFUK-KFUM-speidaren vil takke alle for støtta gjennom 25 år og Grieg Seafood, Goman, Lions, Bokn kommune og Sparebanken Vest for støtta til ei flott St.Hans og 25 års jubileum.



Han Innante og kamerattar. Tryllekunstnaren Dani i midten.



Inngangsportalen frå 1990 markerte inngangspartiet.

Du finn fleire bilder frå arrangementet på bygdabladet.no (red.anm.)



Tysdagskafé

- slekter, nupereller og andre pimperneller; kafeen for ein kvar smak!

Kvar tysdag kl. 09.30 - 13.30 på Bokn bibliotek

Gratis kaker og kaffi

Velkommen!



Bokn SK – U6 Cycletour



*Joakim Og Matilde var i Sverige i sommer og syklet 6-dagers rittet U6-Cycletour.
Her er oppsummering fra Joakim.*

U6 cycle tour er et 6 dagers etapperitt for syklistene i alle aldre, i den lille svenske byen Tidaholm.

Dette var andre gang jeg deltok på dette rittet, og så frem til et hardt, men forhåpentligvis lærerikt ritt. Deltakerene i min klasse (menn 15-16 år) i dette rittet kom hovedsaklig fra både Norge, Sverige og Danmark, der danskene var overlegne, med både poengtrøye, sammenlagtrøye, alle etappeseirene, samt alle andreplaslene. Det var rundt 140 stk påmeldt i min klasse, så det ble trangt om plassen på veiene, og det skjer mange velt og det er mye knuffing og kamp om posisjonene.

Første etappe var en kort prolog der vi starter individuelt. Løypen var på 3,2 km med avslutning opp en bakke. Bakkeavslutninger er ikke min sterkeste side, så jeg hadde ingen store forhåpninger til denne etappen. Jeg satte pers fra fjoråret med 20 sek, så jeg var fornøyd med det.

Andre etappe var en 84 km lang fellesstart i en 21 km lang rundløype. På denne runden var det både mye vind, bakker og et 2 km langt grusstrek. Jeg var mentalt ikke klar for det store flettet og den posisjonskampen, så jeg havnet bakpå tidlig og datt fort av, og måtte jobbe resten av rittet alene, en skikkelig nedtur.

På **tredje etappe**, som var kongeetappen i årets tour med 93 km og mange høydemetre, var jeg mer klar for posisjonskamp enn dagen før. Jeg satt greit med i fletet fra start og følte meg pigg. Etter drøye 10 km, går det en stor velt der jeg akkurat unngår å gå i bakken. Feltet blir nøytralisiert (som vil si at vi må stoppe på grunn av sikkerheten med tanke på hvor mange som gikk ned i velten, og all helsepersonell

var opptatt her. Hvis en ny velt skulle ha inntruffet da, ville ingen kunne fått hjelp med en gang), og vi måtte stoppe og stå i ro i kaldt vær i 10-15 min. Når vi fikk starte igjen, satt jeg godt fremme i fletet til tider og fikk kjørt en god etappe. Runden vi kjørte var på 31 km og hadde en knallhard 3 km lang bakke opp mot mål. Her var jeg ikke langt nok fremme mot slutten, og som skrevet tidligere er ikke bakker min favoritt, men jeg fikk bra driv oppover og kom inn 17 sek bak vinneren fra Danmark. Var veldig fornøyd med denne etappen, som var den lengste og hadde den hardeste profilen.

Fjerde etappe var et gateritt med løype på 2,3 km som skulle sykles 14 ganger. Siden fletet til menn 15-16 var så stort ble det delt i 2 heat der første heat var med de rytterne som lå på 70-140 plass sammenlagt før etappen. Jeg lå på 78 plass så jeg startet i den første gruppen. Jeg har kjørt godt på gateritt tidligere så jeg var spent på denne etappen og hadde som mål å gjøre det bra her. Jeg merket tidlig at beina var dårlige i dag, og var ikke med når bruddet gikk. Ble liggende bak i fletet, og fikk lite hjelp til å kjøre de andre inn. Var en taktisk dårlig etappe av meg, så jeg var litt misfornøyd med denne.

Etappe fem fikk tilnavnet dronningetappen på grunn av den vindutsatte løypen med en hard bakke og grusstrek. Etappen var kortere en de to andre fellesstartene med sine 64 km i en 32 km løype. Jeg var veldig avslappet før start og følte meg helt grei. Det ble satt høy fart, men jeg satt greit med i fletet, men gikk ned i en velt midt på runden og slo høyre, nedre del av ryggen kraftig og mistet feltet. Jeg syklet en runde før jeg stod av rittet halvveis. Følte ikke det var vits i å kjøre når jeg ikke lå i fletet, da jeg heller ville spare meg til den avsluttende tempoen dagen etter.

Den **siste etappen** var en 14 km lang tempo, i en kupert løype med



små kneiker. Tempo er en av mine sterkeste sider, og jeg var veldig klar før denne etappen. Jeg klarte å holde god fart underveis og tok igjen flere av de som startet foran meg, noe som er motiverende på tempoer. I mål slo jeg tiden min fra i fjor med nesten ett minutt, og jeg var en av de norske 16 åringerne som hadde forbedret seg mest fra året før. Dette var veldig kjekt og var veldig fornøyd med denne etappen.

Oppsummert var U6 Cycletour 2015 et lærerikt ritt der jeg hadde tredje og siste etappe som de beste. Jeg mangler litt på det å posisjonere meg i store felt, så flere ritt med mange deltagere er nok et must for min del. Du må være tøff i hodet når du skal ligge nærmere andre ryttere og gi noen albuer og knuffe for å få god posisjoner.

Matilde kjørte 3 individuelle tempoetapper gjennom uka og gjorde det veldig bra, kun slått av noen gutter. I klasse 6-9 er det åpen klasse med både gutter og jenter i samme felt, men neste år stiller hun i J10-12 og kjører alle 6 dagene i samme løype som de andre.





Bokn SK oppsummerer våren 2015

Lars Øyyvind Alvestad



Før vi for fullt tar fatt på høstsesongen, kan vi med glede se tilbake på en veldig travel og aktiv vårsesong.

Siden Bokn Sykkelklubb ble stiftet i Desember 2014 har det kommet til over 40 medlemmer, noe som må sies å være svært bra med tanke på innbyggertall, og ikke minst med tanke på at vi er under kategorien «særidrett».

Men vi har plass til mange flere. Sykling som trim er en skånsom måte å komme i form på, og man får jo sett så mye av det flotte nærområdet vi har her på Bokn. Vi som klubb skal ha plass til alle, uansett ambisjoner eller nivå.

Vinteren og våren ble brukt til alternativ trening, som løpeturer til blant annet boknahåve. På fredagene hadde vi basis-treninger i gymsalen, der det var alt i fra sirkeltrening til innebandy.



Når været omsider tillot det, børstet vi støvet av syklene og startet utesesongen for fullt.

Vi startet også opp med Sykkelskolen for de minste. Her har vi grunnleggende teknikk og basisferdigheter på agendaen. Det er flott å se alle de unge ivrige som blomstrer frem i bygda vår.

I April startet alvoret for mange. Da var det blant annet duket for «Rogaland 3 etappers», et barne og ungdomsritt som består av 3 ritt over 2 dager.

Første milepål for oss som klubb var BoknOpp, sykkelrittet fra Føresvik til Boknafjellet.

Årets utgave ble preget av et ekstra utfordrende vær. Totalt 66 startende. Og alle kom seg helskinnet til toppen. I år uteble dessverre utsikten, men mest-ringsfølelsen var nok svært mye til stede hos alle.



Så kom Mai, og rittene kom på rullende bånd. Blant annet «Askøy Sykkelfestival», «Sør-Karmøy Rundt» og «Fana 3 Dagers» før Mai skulle toppe med 210 kilometer fra Kristiansand til Hovden. Vi rakk også å avholde et internt klubbritt, som vi håper kan bli en tradisjon.



Juni ble minst like travel som Mai. Det hele startet med Håfagrerittet, hvor Joakim tok 1. plass i ungdomsrittet, samt mye bra kjøring av alle de andre. Deretter var det Nordsjørittet som stod for tur, her var vi også bra representert. Nærbø Grand Prix ble også en suksess for Joakim, og det ble en bra 2. plass der. Deretter var det noen som syklet Styrke-prøven (Lillehammer – Oslo) mens Joakim og Mathilde tok turen til Svergie for å prøve seg på et 6-dagers ritt, U6 Cycletours, mer om dette kan du lese om i egen sak.

Rekruttene våre har også deltatt på Uno-X Sykkelgledecup i Stavanger gjennom våren. Cupen har 2 runder igjen i skrivende stund og blir avsluttet med siste runde i Stavanger Sentrum.



Vi hadde også stand på årets marknadsdag, hvor vi hadde en sykkel som hoved-

gevinst i utlodningen. Det var også konkurranse på balanserulle. Her var det ikke så mange som våget seg utpå, men Kjetil stakk av med seieren her. Takk til alle som tok turen innom vår stand, og håper vi ser dere alle igjen til neste år!

Høstsesongen er i gang allerede, og Joakim har vært og deltatt på Ungdomsmesterskap Landevei i Fredrikstad. Og noen galne sjeler tok turen til Lysebotn for å sykle over fjellet og inn til Bryne. Bra innsats!

Vi er godt i gang med treningene igjen, men ser på antallet et det enda er litt feriemodus.

Vil du være med oss når vi trener, ikke nøl med å ta kontakt med en i klubben.



For de minste vil vi starte opp med Sykkelskolen igjen etter at skolen er startet, dette annonseres nærmere når vi har fått lagt siste finpuss på innhold og tidspunkter.



Vi vil gjerne rekke en stor takk til alle sponsorer og samarbeidspartnere som gjør det mulig for oss å drive frem idrettsglede blant barn, ungdom og voksne. En spesiell takk til Sparebanken Vest for midler til innkjøp av rekruttsykler, samt stilige overtrekksjakker!

Følg oss på facebook for å få løpende oppdateringer om aktiviteter, treninger og ritt.

Kulturkalenderen

September

- 03. Oppstart Gla'trim i gymsalen kl. 10.45, sjå s. 17
- 06. Historielaget til Skudeneshavn, sjå s. 27
- 06. Misjonsfest kl. 19.00 på Bokn bedehus
- 09. Bokn før i tiå, sjå s. 27
- 09. Litterær salong, Bokn bibliotek kl. 19:00. Meir info på bygdabladet.no
- 11. Kino i Auditoriet
- 11. Oppstart, basistrenings for alle frå 9 år. Gymsalen kl. 18.00 - arr. Bokn SK
- 11. Bedehusbasar kl. 19.00 på Bokn bedehus
- 13. Misjonsgudsteneste kl. 11.00
- 14. Bibellesing kl. 18.00 på Bokn bedehus
- 18. Kampen om Vikingskipet
- 20. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
- 24. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
- 25. Kino i Auditoriet
- 28. Bibellesing kl. 18.00 på Bokn bedehus
- 30. Gudsteneste kl. 15.00, hausttakkefest

Oktober

- Veke 41 Haustferie på Bokn skule
- 07. Basar DISM kl. 19.00 på Bokn bedehus
- 09. Kino i Auditoriet
- 11. Gudsteneste kl. 11.00
- 12. Bibellesing kl. 18.00 på Bokn bedehus

- 18. TV-AKSJONEN - Vi skal vokte regnskogen
- 18. ABR-senteret på Bokn bedehus
- 21. Kontaktmøte på Bokn bedehus
- 23. Kino i Auditoriet
- 24. Auksjon kl. 11.00 - arr. Bokn musikkorps
- 26. Bibellesing kl. 18.00 på Bokn bedehus
- 28. Konsert, Auditoriet m/Tom R. Odland kl. 19:30

November

- 01. Gudsteneste kl. 11.00
- 06. Kino i Auditoriet
- 06. Kulturkveld kl. 19.00 på Bokn bedehus
- 09. Bibellesing kl. 18.00 på Bokn bedehus
- 20. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
- 22. NMS kl. 19.00 på Bokn bedehus
- 23. Bibellesing kl. 18.00 på Bokn bedehus
- 30. Gudsteneste kl. 15.00, bibel til fireåringar
- 20. Kino i Auditoriet
- 29. Gudsteneste kl. 18.00, lysmesse

Desember

- 04. Kino i Auditoriet
- 07. Bibellesing kl. 18.00 på Bokn bedehus
- 13. Gudsteneste kl. 11.00
- 20. Luciafest kl. 18.00 - arr. Bokn musikkorps
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

Gymsal, kveld - oppdatert 27.08.15

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Bokn skulekorps Bokn Brass	18.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Lillian Grønnestad Lillian Grønnestad
Tys	Barnetrim Seniordans Friskis & Svettis	16.30 - 17.30 17.30 - 19.30 20.00 - 21.00	Tore Lund A. L. Hoffmann Anne L. Faye
Ons	Fotball Mix7 Fotball J9 Volleyball, ungd.	17.00 - 18.00 18.00 - 19.30 19.30 - 21.00	Rannveig F. Øvrebo Bjørnar Bryningsland Mariann K. Furseth
Tor	Fotball Mix6 Bokn IL Volleyball, vaksne	17.00 - 19.00 19.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Lars Norekvål Anette Våga Nina K. Aspenes
Fre	Basistrenings, frå 9 år - Bokn SK	18.00 - 20.00	Lars Ø. Alvestad



Førebuingane til årets **TV-aksjon 18. okt.** har starta. Regnskogvaktarane, ordførar Kyrre Lindanger (th.) og underteikna i kommunekomitéen er klare. Du kan allereie nå meldt deg som bøsseberar. Ta kontakt med kulturstyret, 52 75 25 08 - 98 22 15 08.

Meir info: blimed.no

Jardar Havikbotn

GRATULERER!



Sylvia M. Vatnaland - 17 år, 4. juli.

Vi vil gratulere flinke, flotte og snille Sylvia M. Vatnaland med 17-årsdagen 4. Juli! Masse glad i deg.

God klem fra Linnea, Malcolm



Alfred Borgenvik Dahl - 2 år, 11. juli.

Gratulera så masse med 2 års dagen til den store og blide gutten vår!

Stor klem fra mormor og



GRATULERER!

Simon Eidesvik - 9 år , 18 aug.

Gratulera så masse med dagen din, Simon! Store kjekke gutten vår!

Klem frå mormor og besten :)



Victoria - 24. juli.

Benjamin ble stolt storebror til lille Victoria den 24.07.15. Hun veide 2865 gram og var 49 cm. Vi ønsker å takke for alle gratulasjoner i forbindelse med fødsel.

Henriette Øvrebø Ohnstad



Alfred Borgenvik Dahl - 2 år, 11. juli.

Gratulera så masse med 2 års dagen din, Alfred! Hipp hipp hurra :) Me e så gla i deg!

Stor klem fra mamma og



Albert Lindanger - 9 år, 28. juli.

Me vil gratulera Albert med 9-års dagen som var den 28. juli. Dagen blei feira på Zanzibar.

Stor klem frå Hermine, mamma og pappa.



Thea Kristoffersen, født 18. april på Haukeland sykehus, 3210 g og 51 cm, vil hilse til mormor, morfar, onkel Vegar, Ingrid, Annabell, oldemor og oldefar på Jøsang og oldemor i Føresvik.



Tor Inge Sæbø - 32 år, 11. august.

Gratulera så masse med dagen til den gode, snille pappaen vår. Du e best! Mamma hilse og.

Klem Sander, Ole Christian,

Oppstart Gla'trim: Velkommen både nye, litt eldre, kvinner og menn!

Fordi dei veit at det gjev betre helse så stiller dei trufast; veke etter veke, år etter år....

Ja, vi pratar sjølv sagt om deltakarane på trimmen; Gla'trimmen. Bli med då vel!

Oppstart haust 2015:

Torsdag 3. sept. kl. 10.45 – 11.30, gymsalen - skulen.



Sidan 1990-talet har Bokn Bygdablad hatt fokus på kommunevala og stilt dei politiske partia spørsmål, for å presentera svara for lesarane, og kanskje gjera usikre veljarar sikrare. Denne gongen spurde me om følgjande:

- 1. Kva er dei viktigaste sakene for partiet i kommande periode? Og kvifor?**
- 2. Kva er dei viktigaste investeringane for kommunen dei kommande åra?**
- 3. Kva er dei viktigaste utfordringane for Bokn framover?**
- 4. Kvifor bør boknarane stemma på partiet?**

Svara blei monterte inn i bladet etter kvart som dei kom til Bokn Bygdablad sin innboks.

**BOKN
SENTERPARTI**

1. Åpenhet og medvirkning er avgjørende for lokaldemokratiet i Bokn, og en viktig grunnverdi for Senterpartiet. Informasjon skal være lett tilgjengelig og saker skal få rask og lik behandling i det kommunale systemet. For at folk skal få lyst til å engasjere seg er det avgjørende at de har tillit til kommunen og de folkevalgte.

Fylkesveiene på Bokn må rustes opp. Vi vil prioritere Føresvikveien og sette dette arbeidet i gang snarest mulig. Senterpartiet ønsker også å starte opprusting av fylkesveien ut til Trosnavåg hvor både næringsliv og private fortjener bedre fremkomelighet.

Eldreboliger er det for få av og sykehjemmet må bygges ut. Dette er også et arbeid som skal startes umiddelbart.

Sommerjobb for ungdom er en viktig sak Senterpartiet vil ha tilbake allerede neste sommer. Dette er et prosjekt både næringsliv og ungdommer savner, og som gir store positive ringvirkninger for en relativt liten sum. Lokale bedrifter opplevde god

rekrytering som følge av dette prosjektet.

2. Den første innvesteringen i neste periode er fullføringen av den vedtatte flerbruksallen.

Vannverket må utvides for å sikre tilgjengelig vann i årene fremover. Dette er et arbeid Senterpartiet har vært en pådriver for i inneværende periode.

Eldreboliger og utvidelse av sykehjemmet er viktig for å opprettholde gode tjenester for de eldre. Senterpartiet ønsker å bygge flere omsorgsboliger og sammen med de involverte igangsette utvidelse av sykehjemmet.

Det er viktig å se på kostnadene ved en renovering av skolen opp mot kostnadene ved å bygge nytt. Dette for i det hele tatt å tilfredsstille nasjonale krav til skolebygg. Vi må sikre at Bokn i fremtiden har en god skole for lærere og elever.

3. Det blir en utfordring å beholde kommunens inntekter fremover. Høyre vil ta bort kommunenes skatteinntekter fra Kårstø. Dette vil Senterpartiet kjempe for å beholde.

Vi må klare å komme oss gjennom presset fra kommunereformen. Sen-

terpartiet ønsker at Bokn skal være egen kommune i fremtiden.

Det er viktig å ha fokus på å beholde det gode tjenestetilbudet vi har i kommunen. Det er ikke en selvfølge at dette blir her uten at vi må kjempe for det. Tannlegen vår er et eksempel på dette.

Kommunen må ta grep for til enhver tid ha tilstrekkelig med boligomter tilgjengelige.

Rogfast og E39 er en utfordring hvor vi må kreve gode løsninger. Det er viktig jobb å sikre Bokn varige fordele fra prosjektet.

4. Senterpartiet ønsker å ta vare på den gode "boknaånnå" og bruke kunnskapen til den enkelte innbygger eller ansatte i saker som berører dem. Vi ønsker tilgjengelig og åpen informasjon og rask og lik behandling for alle.

Vi setter harde krav til oss selv og andre for å ha rask og kvalitetsmessig utførelse av prosjekter i kommunen.

Senterpartiet vil stå på for at du som innbygger skal ha det godt i Bokn kommune.

Godt valg

Bokn Senterparti



1. Bokn Arbeidarparti sitt motto for valkampen 2015 er ***Med hjartet i Bokn, og blick for framtida***. Ei framtid i Bokn der lokale ressursar, kunnskap, identitet og frivilleheit framleis er sentrale drivkrefter. Ein kommune som styrar i eige hus. Ein kommune som står i sentrum for store endringar i kommunikasjonar, og blir stadig meir attraktiv i forhold til folketalsutviklinga og næringsvekst.

Bokn Arbeidarparti satsar på :

- Gode oppvekstvilkår for barn og unge
- Fokus på sosiale relasjoner og godt læringsmiljø
- Læringsplassar i kommunal verksemd
- Helsefagleg kompetanse og lokalt forankra helsetilbod
- Tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse for bistand til personar med kroniske sjukdommar, demens og ulike typar funksjonssvikt
- Å gi eldre ein verdig alderdom med tilrettelegging i eigen bystad lengst mogleg
- Å dekka behovet for sjukeheimspllassar og omsorgsbustadar

Arbeiderpartiet lanserer også forslag til nyskapningar i lokalsamfunnet :

- Ein frivillesentral som skal bringa folk og ressursar saman gjennom frivillege tiltak og små handsrekkingar i kvardagen, tiltak som bidreg til sosial kontakt og førebyggjar einsemd og sjukdom. Folk i alle aldrar samt lokale organisasjonar er verfulle medspelarar i ein slik modell.

- Eit levande kultur- og historiesenter, som også kan ta i vare Bokn bygdamuseum si samling. Spørsmål om form, innhald, lokalisering og finansiering må avklarast gjennom lokale prosessar med alle som vil bidra til å skapa eit samlingspunkt for historie, kunst, kreativitet og identitet.

2.

- Alderssamansettinga i Bokn gjer at gruppa over 80 år vil auke dei komande åra. Ei aukande etterspurnad dei siste åra etter sjukeheimspllassar og omsorgsbustadar, gjer at Arbeidarpartiet ser dette som eit viktig investeringsområde dei neste åra.
- Bygging av fleire ungdomsbustadar
- Utviding av vassverket er ei anna stor oppgåve som kommunen må løyse.
- Lys på turstien i Føresvik
